



Referat frå årsmøte i Alversund Musikklag 18.januar 2015 kl 17:00

Årsmøtet starta med pizza frå Mama Mia sidan vi hadde hatt ein lang øvingsdag på førehand.
Tal frammøtte: 21 Fullmakter: Ingen
Mona Sofie vald til møteleiar, Kjell til skrivar og Håvard og Vidar til protokollunderskrivarar.
Merknad til innkallinga: Ingen

1. Årsmelding.

Årsmelding gått gjennom av Lisa Marie.

Merknader til årsmelding:

- 9000 av kulturmidlane frå kommunen var til støtte for aspirantar som skal reisa til NM.

Årsmeldinga godkjent.

2. Revidert rekneskap.

Gjennomgang av kasserar Mona Kristin. Regnskap er revidert og godkjent av revisor (Rita).

Årsmøtet hadde desse kommentarane.

- Kakelotteriet gav berre vel 8300 i overskot og er dermed ikkje ei av dei største inntektene våre som nemnt i årsmeldinga. Den nye inntektskjelda er sal av toalett/kjøkkenpapir (i to rundar) som gav til saman kr 23.511 i kassen samt at kontingenten også vart dobla i fjor. I tillegg har vi fått sponing frå korpsfondet (15.000) og frå SPV med kr 20.000.-

- Rekneskapet viser eit overskot på kr. 68.898,- men så har vi ubetalt gjeld på kr 21.360,- slik at netto overskot for året 2014 blir 47.538,-

Rekneskapet vart deretter godkjent av årsmøtet. Det var forslag om at styret kan disponera overskotet til nødvendige investeringar som måtte dukka opp (men som ikkje er budsjettet).

3. Vedtektsendring.

Vedtektene vart sist revidert på årsmøtet i 2012. Dette var vedtektsendringar i følge NMF sine mønstervedtekter. Ingen nye endringar er føreslått.

4. Saker som styret fremjer og andre innkomne forslag.

Ingen.

5. Kontingent.

- Kontingent = 2.000,-/år. Innbetaling i januar og august. Denne vart endra i fjor frå kr 1000.
- Musikantar i perm. bet. 1000 kr. dersom dei fortsatt ynskjer å stå som medlem. Dette pga. registrering i NMF som kostar oss om lag 500 kr pr. medlem.
- Støttemedlemskap = minimum 250 kr. Arbeidet med å verva medlemmer er ikkje starta opp.
- 3.500,- ved 2 i familien (25% rabatt ifylgje vedtektene).
- Aspirantar = kr 300,- pr. år. Denne vart endra på årsmøtet i 2013.

Det vart diskutert om vi kanskje skulle ta bort rabatten for fleire i same familie? Dette må i så fall bli endra i vedtektene §6.5 om familiemoderasjon og må opp på neste årsmøte under vedtektsendring.

6. Budsjett for 2015.

Gjennomgang av nytt budsjett v/ kasserer Mona Kristin.

Merknader:

- Kakelotteri til 17.mai gav lite inntekt i fjor. Dette må organiserast på ein betre måte, for eksempel med loddsal på Kiwi og Eurospar for dei som ikkje får selt lodd på andre måtar.

- Bli flinkare til å søkja om sponing/gåver? Det er mange plassar vi kan søkja som vi ikkje veit om. Gro har gjort ein god innsats som viser igjen på fjorårets rekneskap.



- Uniformer? Ikkje på budsjett for 2015.
- Forslag frå Vidar om å gå over til loddbøker med 50 lodd? Dette vart ikkje vedtatt.
- Forslag frå Evy om å sløyfa 17.mai lotteriet? Heller satsa på større sal når vi har basar. Her vart det avstemming der 12 stemte for og 9 imot. Denne posten vart dermed stroke med 20.000 frå budsjettet. I 2014 var likevel denne inntekta berre 10.000 sidan mange loddbøker var tomme.

Håvard: Vi aukar basarinntekta med 5000 og sal av toalettpapir med 5000, til saman 10.000. Dette stemte 15 for. Budsjettet må dermed endrast.

Mona Sofie: For å betre resultatet på basaren lagar vi basar komité. Dette avgjer det nye styret.

Forslag frå Rita at musikantar som har gratis instrument, betalar årlig leige? Ikkje avgjort.

Gåver frå Korpsfondet vil i år berre utgjere ca. 6000. Dette er siste gongen sidan dei no er nedlagt. Resten må koma frå andre sponsorar, dvs. 24.000 sidan det er budsjettert med 30.000.

Ta betaling for kaker og kaffi på Nyttårskonserteren med kr 10 per kopp og kake. Godkjent.

Budsjettet vart til slutt godkjent med dei endringane som fleirtalet stemde for.

7. Val.

Kjell orienterte om valkomiteen sitt forslag til nytt styre:

Dei som går ut av styret er Lisa Marie og Mona Kristin. Dei fekk kvar sin snopepose frå Kristin som takk for innsatsen. Det same fekk Kjell sidan også han hadde vore flink gut med notearkivet!

Kristin vald til ny leiar for 1 år

Rita går inn i styret for 2 år (kasserar med ansvar for økonomi)

Bjarte tar 1 år til i styret (styremedlem med ansvar eigedom)

Merete tar 1 år til i styret (sekretær med ansvar for arrangement)

Evy går inn i styret for 2 år (nestformann med ansvar for musikkutval)

1. vara Mona Sofie

2. vara Solveig

Solveig og Randi er revisorer

Kjell og Arild fortset i valkomiteen til neste årsmøte.

Eva er vaktmeister, også med ansvar for instrumentarkivet.

Val godkjent.

Alversund 18.01.15. Ref. v/Kjell

Protokoll underskriven av

Diskutert på medlemsmøte etter årsmøte:

NM planer. Mona Sofie har gjort ein stor innsats for å tilretteleggja opphaldet i Trondheim.

16 reiser allereie oppover torsdag, 7 reiser fredag. 3 reiser heimatt laurdag. Øving kl. 13-15 på hotellet.

13 korps er påmeld i 7de div. Laurdag ettermiddag er det felles middag på Egon. Vi må bestille bill. til festkonserten. Sjekk at alle er registrert i NMF sin database. Hotellet har frukost inkludert.

Mona sjekkar om hotellet har eit fellesrom vi kan låna.

Granskogen som står på øst sida av huset burde blitt hogd ned før vinden legg dei ned over huset.

Nokon må ta kontakt med Rolf Hjelmtveit om saken.